

(Forslag til vedtak på årsmøtet)

Uttalelse frå årsmøtet til Naturvernforbundet i Troms, 5. april 2025.

Stans elektrifiseringa av Melkøya.

Elektrifiseringa av gassanlegget på Melkøya skal realitetsbehandlast av Stortinget for første gong 6. mai i år. Det er reservert 400 MW kraft til Melkøya, tilsvarande forbruket i Finnmark fylke, i hovudsak vasskraft produsert i regionen,. Krafta skal gå til Equinors produksjon av klimaskadeleg fossil gass. Drift med rein vasskraft gir mindre utslepp i norsk klimarekneskap, men gassen som blir til overs blir selt til utlandet og brent der. Dei globale utsleppa blir ikkje mindre.

Elektrifiseringa får følgjer i Statnett sitt område 4, som forutan Finnmark omfattar Nordland nord for Ofoten og Troms. Når Equinor legg beslag på så mykje kraft, oppstår det kraftmangel der det før var kraftbalanse, og overføringskapasitetem inn i området er begrensa. Melkøya-vedtaket vil få store konsekvensar for hushald, offentleg verksemd og næringsliv.

I Melkøya-vedtaket 8. august 2023 slo regjeringa fast at produksjonen av fornybar kraft innan 2030 skulle auke minst like mykje som forbruket ved Melkøya-anlegget. Det skulle satsast på massiv utbygging av vindkraftanlegg og kraftlinjer. Planane for Melkøya vart lansert som det største norske klimatiltaket. «Grøn» omstilling skal realiserast gjennom industrialisering av store delar av finnmarksnaturen. Det blir i så fall eit av dei det største naturinngrepa i Noreg.

Investorar har lagt fram planar, frå fiskeoppdrett til datasenter, ikkje alle nødvendigvis til varig samfunnsnytte. Det blir hevda at Melkøyautbygginga er nødvendig for arbeidsplassane i Finnmark, men i realiteten er det mangel på folk, særleg fagfolk. Dei fleste i petroleumsbransjen blir flydd inn frå inn- og utland.¹ 72 prosent av befolkninga i fylket er mot elektrifiseringa av Melkøya.

NVE har nyleg hatt på høyring «kraftpakken» med elleve vindkraftprosjekt og fire kraftlinjer. Fem organisasjonar (Naturvernforbundet, Den Norske Turistforening, Norges Jeger- og Fiskerforbund, BirdLife Norge og Norsk Friluftsliv), med i alt over ein million medlemmer, stiller seg sterkt kritisk i eit samla høyringssvar. Dei framhevar dei store inngrepsfri naturområda som unike for Finnmark, og krev grundige konsekvensutgreiingar.

¹ Levert 2023: *Petroleumsrelatert leverandørindustri og aktivitet i Nord-Norge. KPB August 2024*

Sametinget vurderer Melkøya-vedtaket som ulovleg, og har saksøkt Staten for å få det oppheva. Saka kjem opp 13.-16. mai i Oslo Tingrett. Sametinget meiner at arealinngrepa vil ha store konsekvensar både for den samiske og den øvrige befolkninga. Staten har ikkje gjennomført lovpålagde konsultasjonar med Sametinget, og ikkje konsekvensutgreiing. Melkøya-linja som skal føre kraft frå Skaidi skal gå gjennom reinbeitedistrikt som alt er sterkt pressa av inngrep, og som har gått rettens veg. Statnett og Equinor har fått «forhåndstiltredelse», tillating til å sette i gang inngrep utan rettsleg avklaring. «Forhåndstiltredelse» for utbyggjar betyr at naturen og naturbaserte næringar taper uansett utfallet i retten, slik det skjedde i Fosen-saka. FN's ekspertorgan for utfolksrettar har nyleg tilrådd å avvikle ordninga.

Melkøya-saka forsterkar konfliktane mellom dei sentrale styresmaktene og det samiske samfunnet. Styresmaktene veit at dei risikerer eit nytt menneskerettsbrot. Planane om elektrifisering av Melkøya setter naturen i fare.

Årsmøtet i Naturvernforbundet i Troms oppfordrar til samarbeid mellom alle organisasjonar som ønskjar stans i elektrifiseringa av Melkøya.

Forslagsstillar:

Ingunn Elstad,

Tromsø.